



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 09.12.2014

Vår ref.: 2014/7825

Arkivnr.: 311

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

Til medlemmer ressursgruppa

## Kommunereforma - invitasjon til å delta i ressursgruppe

Det er nå i gang fleire prosessar i arbeidet med kommunereforma. Vi har i brev av 24.11.2014 bedt kommunane om å melde tilbake til oss om status i arbeidet. I brevet opplyser vi om etablering av ei regionalt samansett ressursgruppe. Eit av føremåla med ressursgruppa er å sikre informasjon og kunnskapsdeling mellom kommunar og regionalt nivå.

Det er mange aktørar og interessegrupper som er aktuelle i denne gruppa, og det er særleg viktig med deltaking frå regionråda. Vi har kome fram til følgjande førebelse samansetjing av gruppa:

Fylkesmannen (styringsgruppa/leiargruppa)  
KS (styreleiar, leiar rådmannsutval, andre aktuelle)  
Jærrådet  
Dalanerådet  
Ryfylkerådet  
Haugaland vekst  
Rogaland fylkeskommune  
Sandnes kommune  
Stavanger kommune  
Distriktssenteret  
NHO  
LO  
IRIS

Vi ser for oss at det er styreleiar/rådsleiar som deltek frå regionråda, og at det er politisk deltaking også frå Rogaland fylkeskommune. Haugaland vekst kan møte med to representantar. Om det i ettertid viser seg at det er behov for justeringar i deltakarlista, kan vi kome tilbake til dette undervegs i prosessen. Det kan også vere aktuelt å invitere inn aktørar alt etter kva tema som er på dagsorden.

Vi inviterer til første møte i gruppa **20. januar 2015 på Statens hus, Lagårdsveien 44, kl 10:00-12:00**. Møtet blir avslutta med lunsj.

Dagsorden for møtet blir følgjande:

- Organisering av gruppa, mandat, møteplan m.v.
- Fylkesmannen orienterer om status i reformarbeidet
- Kort rapport frå regionane om dei ulike prosessane
- Prosess-samling 17. mars 2015 – aktuelle tema
- Open post

Vi ber om tilbakemelding om kven som møter, ved å sende e-post til Anfinn Rosnes - [fmroaro@fylkesmannen.no](mailto:fmroaro@fylkesmannen.no)

Velkommen til møtet!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merete Solheim  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80  
E-post: [fmroaro@fylkesmannen.no](mailto:fmroaro@fylkesmannen.no)

Vedlegg: Utkast til mandat